



5. august legg Elin Enes (31) ned Elins Marknads plass og Konditori i gamleskolen i Uskedalen. I november ville det ha vore tre år sidan ho kom attende til heimbygda og starta sals- og serveringsverksemd her.

Elin er utdanna både som konditor og næringsmiddelteknikar.

Til Kvinnheringen seier ho at sviktande økonomi er hovudårsaken til nedlegginga.

- Men det er og ei rekkje andre årsakar, seier ho til Uskedalen.no utan å vilja spesifisera årsakane.

- Eg har ikkje den same gneisten no som då eg starta, legg ho til.

No er Elin på jakt etter nokon som kan ta over og halde fram med ein eller annan form for serveringsverksemd i lokala. Dei ligg svært sentralt og har Uskedalen Utvikling som eigar. Elin har hatt ei svært rimeleg leigeavtale med UU.

Ho minnar om at det står ein svær bakaromn på det godkjende kjøkenet og at det og er eit stort fryserom der.

- Pizzaproduksjon er berre ein av fleire fristande moglegheiter, seier Elin.

- Du har vel og visse planar for framtida?

- Nei, sjølv har eg ikkje nokon konkrete planar for den næraste tida.

No skal framfor alt ta meg av ungane. Inntil vidare blir eg difor husmor på heiltid, er svaret.